

Språkprisen 2017 – kortliste



Foto: UiB

Åsa Elstad (f. 1956) er historikar og førstekonservator ved Sortland museum. I tunge utgjevingar som *Noregs fiskeri- og kysthistorie* (band 2 av 4, 2014) og *Nordlands historie* (band 2 av 3, 2015) (Fagbokforlaget) auser Elstad fram kunnskap og vurderingar rundt ein sjeldan brei tematikk som dreier seg om fiskeri, demografi, etnografi, landbruk, handel, religion, samferdsle, politikk – men mest av alt om kystkultur, kysthushald og kystkvinner i liv og arbeid. At Elstad har solid kjennskap til dei temaa ho skriv om, skin tydeleg gjennom i vurderingane hennar av ulike sider ved kystens materielle og mentalitetshistoriske kulturar. Samstundes som ho nyttar ei profesjonell og nøktern framstillingsform, får tekstane ofte liv og gnist gjennom underfundig humor og biletbruk. I likskap med andre gode formidlarar kan tekstane hennar vere til glede også for folk som i utgangspunktet ikkje er spesielt interesserte i tematikken. Som historieskriving er det førebileteleg gjort.



Foto: Agnetha Brun

Alfred Fidjestøl (f. 1973): *Trass alt. Det Norske Teatret 1913–2013* (2013), *Frå Asker til Eden. Historia om Askerkretsen 1897–1924* (2014), *Eit eige rom. Norsk kulturråd 1965–2015* (2015) og *Nesten menneske. Biografien om Julius* (2017), Samlaget.

Alfred Fidjestøl er ein djuptloddande formidlar. Han fer friskt fram i eit hav av kjelder og målar fram detaljrike biletflater. Kulturinstitusjonar, kulturpersonar og kulturikonar – inkludert ein mjuk sjimpansen – blir levandegjort gjennom klår prosa og engasjement. Bøkene hans er tidvis tunge kolossalar som skaper salrygga bokhyller, men innhaldet er sjeldan tyngande, verken for lek eller lærð. Fidjestøl skriv innsiktsfullt og med snert om menneske, nestenmenneske og institusjonar som har forma kulturhistoria. Han nyttar gjerne den gode historia som berande prinsipp, men saksframstillinga vitnar alltid om kritisk handsaming av vidt og solid kjeldetilfang. Den same engasjerte og grundige innstillinga kjem til uttrykk i ordval og stil.



Foto: Alex Iversen

Jon Hustad (f. 1968) er journalist og kommentator, spesielt i vekeavisen Dag og Tid. Der har Hustad gjennom mange år utvikla ein eigen stil og posisjon, med mange faste lesarar. Hustads kommentarjournalistikk rundt økonomi, infrastruktur og dei lange linjene i norsk samfunnsutvikling er som regel full av skarpe og klare poeng. Hustad skriv om «kjedelege» tema på ein underhaldande, frekk, humoristisk – og grundig dokumentert – måte. Med ofte uvanlege kjelder, sin eigen forstand og polemisk evne stiller Hustad spørsmål ved mange vedtekne sanningar. Bak den alltid uredde og hyppig konfronterande tonen ligg der god formidlingskunst. Han skriv eit nynorsk som er konservativt i ordval og grammatikk, men ikkje sjeldan innovativt, stilistisk sett. Mange med makt er gjerne ueinige med Hustad, utan at det ser ut til å uroe han.



Foto: Lene Løtvedt

Erna Osland (f. 1951): *Nasevis* (2013), *Under ein Stein* (2014) og *Når det regnar i Afrika* (2015), *He-he! Ei bok om den livsviktige latteren* (2016) og *Vaken? Ei godnattbok om dyr som ikkje såg om natta* (2017), Samlaget.

Visste du at barn ler mellom 300 og 400 gonger om dagen, medan vaksne berre ler frå 10 til 15 gonger per dag? Eller at tårnsiglaren såv i lufta medan han flyg? Dette og meir til kan ein få greie på ved å lese dei lærerike og leikne sakprosabøkene for barn som Erna Osland har viggd mykje av

forfattargjerninga si dei siste to tiåra til å skape. Ho har ei eiga evne til å møte barnelesaren i augehøgd, både gjennom eit enkelt, biletskapande språk og fine formmessige grep, og gjennom originale val av tema som pedagogen Osland veit at barn er opptekne av og nyfikne på. Som kva slags spennande småkryp som skjuler seg under ein Stein, eller korleis været blir til, og kor vindane kjem frå. Innanfor sjangeren sakprosa for barn har Erna Osland lenge stått i ei særstilling, som ho slett ikkje har mista med dei siste åras bokutgjevingar.




Foto: Pernille Blåbjell Walvik

Morten Søberg (f. 1969): *Ekofisk, Eidsvoll. Eit essay om oljepengar og Grunnlova* (2017), *Rapport frå Finansdepartementet. Ei statssekretærreise* (2014), Samlaget.

I kreativ, Vinje-inspirert språkføring skriv Søberg skarpt og tidvis humørfylt om statsforvaltning, norsk og utanlandsk embetsverk, statsfinansar, Grunnlova og handlingsregelen for Oljefondet. Essaya hans er breiddfulle av reflektert kunnskap om innfløkte emne, ofte krydra med underfundige og høgst relevante kommentarar. Søbergs ferdaminne finn stad så vel i Longyearbyen, London og på ei karibisk øy som i Finansdepartementets verdslege katedral. Med rikt ordtilfang syner han korleis økonomisk politikk styrer våre kvardagsliv, før han via lærde og forstælelege allusjonar kjem med utkast til demokratiske samtalar om norske statsfinansar.